



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå SR i Norheimsund kyrkje 28.mai kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Solfrid, Magne, Erling, Vette, Randi, Tove og Gudrun. Olav var med på sak 24/24.

Opning: Gudrun las om Nåde og fred ifrå *Huspostillen* av Paul Leer-Salvesen

Kaffi og noko å bite i: Me hadde kakerestar etter stabstur og popcorn etter Skulestartsamling.

22/24 Godkjenning av referat og innkalling

Referatet er godkjent. Det var to tillegg til innkallinga: Helsing frå Solveig Sangolt og spørsmål frå Demensforeninga i Kvam v/Marit Rogde.

23/24 Orienteringer

- **Nytt fra fellesrådet:** Olav Skeie Lid er tilsett som kyrkjeverje. Ingen søkjarar til soknepreststillinga i Øystese/Ålvik. Solveig Sangolt begynner i 30 % stilling. Bryna Opdal har fått fast stilling.
- **Nytt fra kulturkomiteen:** Arr. i Fossehuset 10.mai var svært vellukka på alle måtar. Fullt hus og Roar Strømme var ein framifrå debattleiar. Astrid går ut av komiteen, og Oddbjørn Vestbøstad og Ragna Helen Soldal har sagt ja til å vera med. Til hausten er det planlagt føredrag med Bjørn Sortland (i samband med den kulturelle skulessekken) den 3. sept. Han skal snakka om Kristenretten som feirer 1000års-jubileum i år. 14.okt. vert det temamøte i samarbeid med Kvammaveko.
- **Vennefest 31.okt.** Her trengst mange frivillige. Me kjem tilbake til dette seinare.
- **Vikøy kyrkje vert SOMMARKYRKJE i juli.** Då vert det ikkje gudsteneste i Nhs krk 7.7. og 28.7. Dette er eit prøveprosjekt.
- **Elsa og Svein Iversens legat.** Kommunelege, ordførar og sokneprest i Vikøy sokn styrer dette legatet. Pengane skal gå til sjuke og eldre i Kvam. Summen er på 50.000 kvart år. Frist 3 juni. Føremiddagstreffet og Kyrkjeklubben kan søkja.
- **25.mai:** Gospel – Grilling – Lovsong i Nhs kyrkje. Samarbeid mellom NØUK/Framnes.

24 / 24 Evaluering av arbeidsåret. Olav Skeie Lid deltar

- **Årshjul for 23/24 og evaluering av dette.** Astrid viste oss kva aktivitetar me har no. Det er eit fint reiskap som gjer det lettare å ha oversyn.

- **Arbeidet i soknerådet.** Me hadde ein runde der alle medlemene i SR fekk seia kva erfaringar me har hatt så langt. Alle synst at samarbeidet i SR er svært godt. Det kom mange forslag, m.a. at me må tak i fleire frivillege. Kan kvar einskild av oss få tak i 1-2 som kan vera med på ulike arenaer? Olav minna oss om at det eigentleg er SR som har ansvar for gudstenestene, og me må koma med ynske/behov/innspel til staben. Det er lurt at SR gjennomgår gudstenestelista og får meir oversikt. Det er flott at SR satsar skikkeleg på noko, t.d.kulturkomitèen. Me skulle gjerne hatt meir søndagsskule. Det hadde vore fint med eit utval/ei ressursgruppe for trusopplæring/diakoni. Kanskje kan me i SR ha faste trusopplæringstiltak me er med på gjennom 4 år? Me må ha eit årshjul både i høve til saker i SR – og som info i Kyrkjebladet. Då kan ein gje folk høve til å melda seg til ulike tenester. Eit forslag om middagstilbod for barnefamiljar t.d.ein gong i mnd, vekte stor begeistring.
- **Samarbeid stab og sokneråd.** Olav opplyste om at det er mange «gråsoner» som må ryddast bort. Kven har ansvar for kva? Ha ulike utval? Den som arr noko, må styra prosjektet (vera prosjektleiar). Det er også lurt å laga rutineperm for arrangement.
- **Kommunikasjonsflyt i soknerådet og blant frivillige.** Sjå pkt over.
- **Arrangement** (gudstjenester, utegudstjenester, konsertar og dugnader). Sjå pkt. over.

25 / 24 Forslag til arrangement i høst hvor soknerådet har hovedansvar.

- Medarbeidarfest.
- Takkefest for alle.

Vedtak: Me arrangerer medarbeidarfest i februar 2025. Istadenfor takkefest for alle, prøver me å få til 3 fellesmiddagar i kyrkja – i sept., okt. og nov.

26 / 24 Seniortiltak. Søknad om støtte til Grannehjelpa sitt seniortiltak. Dette gjeld sommarfest for eldre på institusjonar i Kvam.

Vedtak: SR støttar med 2000 kr, og vil i same anledning oppfordra Grannehjelpa om å søkja Elsa og Svein Iversens legat ein annan gong.

27 / 24 Invitasjon til samarbeid om forebyggende rus-arrangement med Kvite Band.

Vedtak: Me er positive til arbeidet, men har ikkje kapasitet til å vera med no.

28 / 24 Overføring av gudstjenester til institusjoner i Kvam.

Vedtak: Vetle sender epost til einhetsleiarane og spør kva behov det er.

29 / 24 Delegering av myndighet til AU. Dersom det oppstår akutte situasjonar i sommar, trenger AU myndighet til å ta avgjerder på kort varsel utan at heile soknerådet må godkjenna vedtaka. Regelen er at medlemer av SR må melda inn saker til leiar innan 14 dg før.

Vedtak: SR delegerer dette til AU for heile året.

30 / 24 Møtedatoar for høsten.

Forslag: 27.aug, 17.oktober og 12.november.

Vedtak: Heilt greitt.

31/ 24: Blåtur. Føremiddagstreffa i Kvam arrangerer tur til Røldal med pilgrimsprest Einar Vegge torsdag 13.juni. Det er laga fin brosjyre om turen og påmeldingsfrist er 5.juni (til kyrkjekontoret).

Vedtak: Astrid søker Elsa og Svein Iversens legat om stønad til turen.

32/ 24: Projektoren har komen i hus. Endeleg pris på projektoren er kr.130.000 + el.arbeid (tilsaman ca.150.000). Mykje skal gjerast på dugnad.

Vedtak: SR ynskjer å støtta innkjøpet. Erling søker Sparebankstiftinga i Hardanger om kr.150.000.

33 / 24 Eventuelt

18.aug: Utsendingsgudsteneste for Jeanine Heide og Jon Nedkvitne. Dei skal til Thailand for Sjømannsmisjonen/Norsk kirke i utlandet. Me må ha «skikkeleg» kyrkjekaffi: Vaflar. Det kjem repr frå Sjømannskyrkja. Alle som kjem, får lodd i døra. Det vert trekt tre gevinstar: Konfekt, eplesaft og fruktkorg. Gudrun handlar inn og organiserer maten. Astrid kjem med ei helsing frå kyrkjelyden.

Neste soknerådemøte vert 27.august kl.19.00:

Opning: Magne

Mat: Solfrid

Gudrun Skeie Langeland, ref